
Saksnr: 2021/52031-1
Saksbehandlar: Aase Bruntveit Njøs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Tilpassa opplæring

Framlegg til innstilling

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lærekandidatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfellesskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren.

3. Fylkesdirektøren følgjer opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

Samandrag

I saka etablerer fylkesdirektøren overordna prinsipp for tilpassa opplæringa for elevar og lærlingar i den vidaregåande opplæringa.

Denne saksutgreiinga omhandlar:

- Bakgrunn for saka
- Prosess i arbeid med saka
- Tilpassa opplæring

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 1-1 og overordna del av læreplanen omhandlar verdiar og prinsipp som opplæringa skal byggje på. Menneskeverd, likeverd og likestilling er sentrale verdiar. Ansvar for opplæring omfattar danning og utvikling av kompetanse som ein vesentleg del av opplæringssektoren sitt samfunnsoppdrag.

Skule og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer. Rammene for opplæring i skule og opplæring i bedrift er ulike, medan det er felles grunnsyn for pedagogisk praksis.

Det profesjonelle skjønnet er grunnleggjande for å ta i vare den enkelte i møte med fellesskapet og vidareutvikle ei opplæring med rom for alle og blikk for den einskilde.

Tilpassa opplæring er eit grunnleggjande prinsipp i vidaregåande opplæring. Ei tilpassa opplæring legg til rette for eit læringsmiljø som gir elevane, lærlingane og lære kandidatane best mogleg utbyte av opplæringa innanfor fellesskapet sine rammer. Tilpassa opplæring inneber ikkje at all opplæring skal individualiserast, men tek omsyn til variasjonar hjå dei som får opplæringa.

Prosess i arbeidet med saka

Dei tidlegare fylkeskommunane har hatt ulik organisering av det spesialpedagogiske tilbodet og ressurstildeling til elevar og lærlingar/lærekandidatar. I Hordaland har mykje av ressursane vore knytt til grupper, medan i Sogn og Fjordane har ressursane følgd eleven. Organisering av elevar i eigne søkbare gruppetilbod har ikkje vore praktisert i Sogn og Fjordane.

For å ha eit felles grunnlag å bygge praksis på, har det vorte arbeidd med å utarbeide felles prinsipp for tilpassa opplæring i vidaregåande opplæring i Vestland. Prinsippa skal gje ei retning og vere grunnlaget for det vidare arbeidet med inntak, organisering, ressurstildeling og strategi for tilpassa opplæring.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse orienterte i hovudutvalet sitt møte 14. januar 2021 om det faglege og rettslege grunnlaget for tilpassa opplæring/spesialundervisning. Fylkesdirektøren sette vidare saman ei intern arbeidsgruppe jf. PS 11/2021, med ansvar for å sikre framdrift, struktur og avgrensingar i arbeidet. Det vart også sett saman ei referansegruppe av rektorar ved og leiarar ved rettleiingstenester.

Referansegruppa bestod av:

- Liv Horvei, rektor ved Mo- og Øyrane vgs.
- Idar Kløvning, avdelingsleiar ved Nordahl Grieg vgs,
- Vidar Tufteland, rektor ved Osterøy vgs
- Kari Spilsberg, assisterande rektor, Stend vgs skole
- Magne O. Espelid, leiar rettleiingstenesta, Bergen Nord
- Frode Grøttebø, leiar rettleiingstenesta, Indre Sogn og Voss
- Line Brudvik Myhr, avdelingsleiar Osterøy vgs

Referansegruppa hadde temamøte med arbeidsgruppa anna kvar veke. Gruppa ga innspel og tilbagemelding på ulike tema innafor tilpassa opplæring/spesialundervisning. Hovudutvalet for opplæring oppnemnde Sonja Øvre-Flo som saksordførar i arbeidet 27.04.2021 (PS 124/2021).

Saksordførar og avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse tilrødde i hovudutvalet sitt møte 8. september 2021, at saka skulle fastsetje overordna prinsipp for korleis den vidaregåande opplæringa stettar tilpassa opplæring og spesialundervisning. Prinsippa tek utgangspunkt i elevane og lærlingane sine rettar og dei administrative fullmaktene som ligg til avdelingsdirektøren og den einskilde rektor. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse la i møtet fram justert framdriftsplan og drøfta med hovudutvalet innretninga på arbeidet.

Saksordførar og avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse inviterte til fagdag om tilpassa opplæring 5.oktober 2021. Fagdagen var for politikarar, vidaregåande skular, rettleiingstenestene, opplæringskontor og andre interesserte i opplæringssektoren. Dagen var heildigital og strøyma slik at flest mogleg kunne delta.

På fagdagen vart det presentert både forskings- og erfaringsbasert kunnskap om tilpassa opplæring, inkludering og korleis bygge kompetanse for kultur og meir inkludering. Her kan nemnast:

- systemretta arbeid der merksemda endrar seg frå enkelteleven til ansvaret fellesskapet har for å ivareta alle elevane.
- eit profesjonsfellesskap med likeverdige partar, med kvar sitt ekspertisefelt kan gje ein betre tilpassa opplærings situasjon for alle elevar og for kvar enkelt elev.
- tilpassing i overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule, og frå vidaregåande skule til opplæring i bedrift.

Administrasjonen har søkt informasjon og kunnskap frå skular og kompetansmiljø i områdevis møte også etter fagdagen.

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring har vore eit lovfesta prinsipp i vidaregåande opplæring sidan 1998. Prinsippet inneber at alle elevar og lærlingar skal få ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader. Tilpassa opplæring har hatt noko ulikt innhald gjennom ulike utdanningspolitiske periodar; integrering (1975-1990), inkludering (1990-1996), individualisering (1997-2005) og læringsfellesskap og undervisningskvalitet (2005-). Målsettinga i den siste perioden har vore å oppnå tilpassa opplæring ved på heve kvaliteten i undervisninga. I framlegget til ny opplæringslov er det understreka at individuelt tilrettelagt opplæring skal vere inkluderande, og at opplæringa skal gi eleven eit samla opplæringstilbod som er likeverdig med den opplæringa som gis andre elevar.

Omgrepa tilpassa opplæring, spesialundervisning og ordinær undervisning skal sjåast i samanheng. Spesialundervisning er ikkje isolert frå ordinær undervisning. Omgrepet tilpassa opplæring har konsekvensar både for det praktisk-pedagogiske arbeidet, for struktur og organisering av opplæringstilbod og for ressursplanlegging og - styring. Omgrepet tilpassa opplæring gir ikkje tilstrekkeleg klar retning for praksisfeltet, og omgrep som differensiering og tilrettelagt opplæring har vore brukt, truleg med tanke på meir praktisk innretning. Behov for å gjere omgrepet til eit meir sentralt profesjonsomgrep er m.a. framheva i forskning (Lillejord og Jenssen, 2010). NOU 2019:23

St. 6)



Inkluderande fellesskap i barnehage og skule (ref. i Meld.

Ny opplæringslov introduserer universell opplæring og individuell tilrettelegging som omgrep. Overordna del av læreplanen gir eit meir praksisretta innhald til omgrepet med forankring i Opplæringslova § 1-3.

Tilpassa opplæring og tidleg innsats:

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.

Fullføringsreforma har må om at fleire skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Med å styrke opplæringa til fleire og tilpassa opplæringa betre til mangfaldet vil ein kunne ha fleksible løysingar som kjem alle til gode, og elevar som har behov for spesialundervisning vil få større valfridom

Fylkesdirektøren meiner at følgjande prinsipp er føremålstenleg for den tilpassa opplæringa for elevar, lærlingar og lærekandidatar:

1. Alle elevar skal møta eit inkluderande læringsmiljø

All opplæring skal vera inkluderande. Dette inneber at alle elevar uansett bakgrunn skal bli møtt med tillit i opplæringa. Den inkluderande skulen er basert på grunnleggande respekt for menneskerettar og menneskje sitt likeverd. Dette er eit verdigrunnlag som har sterk oppslutnad i samfunnet vårt, og er nedfelt i opplæringslova sin føremålsparagraf.

Opplæringa skal ta omsyn til at alle elevar og lærlingar er ulike, noko som krev stort rom for tilpassing. Alle elevar skal bli møtt med utfordringar dei kan strekkje seg etter. Ingen elevar skal stengjast ute ifrå fellesskapet på grunn av føresetnader, interesser, talent, kjønn, alder, sosial, geografisk, kulturell eller språkleg bakgrunn. Alle elevar har rett til å høyre til ein klasse/gruppe, jf. § 8-2 i opplæringslova. Klassen/gruppa kan ikkje delast inn etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. § 8-2 første ledd, andre punktum.

Skulen og lærebedrifta skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Inkludering er både ein prosess og eit mål, og dreier seg om korleis lærestaden kan møte individet sitt behov på best mogeleg måte. Det krev auka tilrettelegging for mangfaldet i ungdomsgruppa, slik at den einskilde har større utbytte av å delta i fellesskapet. Elevane og lærlingar tenkjer, erfarer og lærer i samspel med andre gjennom læringsprosessar, kommunikasjon og samarbeid.

Arbeidet med å gi elevar ei likeverdig opplæring må ta utgangspunkt i evner, føresetnader, bakgrunn og interesser hjå kva einskild elev. Samla sett skal det ordinære opplæringstilbodet og spesialundervisninga gi elevane eit likeverdig tilbod.

Fylkesdirektøren meiner at prinsippet om at alle elevar og lærlingar skal møta eit inkluderande og likeverdig skule- og læringsmiljø vil bidra til ei positiv læring og utvikling for kvar enkelt elev, og sikra at elevane har ein skulekvardag som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

Likeverdig opplæring er når ein elev eller lærling med spesielle opplæringsbehov får spesialpedagogiske tiltak som gir dei same moglegheitene for å nå måla som andre elevar har for å nå sine mål innanfor det ordinære tilbodet.

2. Godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lære kandidatlar kvalifiserer til etterspurt kompetanse

Vidaregåande opplæring er viktig for å få tilknytning til arbeidslivet. Opplæringa må tilpassast alle elevar, lærlingar og lære kandidatlar slik at dei kvalifiserer for etterspurd kompetanse. Det er eit stort mangfald av tilretteleggingsbehov, og ressursar må i større grad komme alle elevar til gode. Eit betre tilpassa opplæringsløp krev gode rutinar for korleis informasjon om elevar og lærlingar blir overført tidlegast mogeleg mellom grunnskule og vidaregåande skule, og vidaregåande skule og opplæring i bedrift.

Tilstrekkeleg informasjon og god planlegging i alle overgangar gir moglegheiter for å tildele ressursar som styrkar den tilpassa opplæringa for alle elevane. Eit godt tilpassa opplæringsløp krev i tillegg gode rutinar for korleis informasjon om elevar og lærlingar blir overført tidlegast mogeleg mellom grunnskule og vidaregåande skule, og vidaregåande skule og bedrift - opplæringsarena.

Fylkesdirektøren meiner at prinsippet om godt tilpassa opplæringsløp kvalifiserer til etterspurt kompetanse medverkar til at fleire fullfører opplæringa og får tilknytning til arbeidslivet på ein meningsfull måte.

3. Auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune har læring, utvikling og fornying som grunnpilarar. Planen skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og gjennomføring for ungdom og vaksne.

Den digitale revolusjonen har mellom anna ført fram til nye læringsformer og læringsrom, og i utviklinga av digital kompetanse må skulen «møta» elevane der dei er. Digitale verktøy gir også store moglegheiter for å tilpasse opplæringa og å lettare kunne differensiere undervisninga.

I den vidaregåande opplæringa vil mange elevar i løpet av grunnopplæringa få delar av opplæringa i arbeidslivet. Fag- og yrkesopplæringa skal danne og utdanne dyktige, kunnskapsrike, kreative og nyskapande fagarbeidarar. Når opplæringa blir flytta frå klasserom og ut i bedrifter og arenaer som produserer varer og tenester, må det leggast til rette for praksisnær opplæring der eleven får vist styrkane sine og oppleve meistring.

I yrkesfaglege utdanningsprogram får elevar prøva seg i praksisfeltet og møta arbeidslivet. Føremålet med faget yrkesfagleg fordjuping er å gje elevane moglegheit til å prøve ut eit eller fleire aktuelle lærefag slik at dei får eit godt grunnlag til å velje lærefag. Dei skal få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrka utdanningsprogrammet kvalifiserer for, og få moglegheit til å fordjupe seg i kompetansemål frå læreplanane. Elevane skal få moglegheit til å oppleve realistiske arbeidssituasjonar gjennom bruk av ulike læringsarenaer.

Fylkesdirektøren meiner for å få til eit godt tilpassa opplæringsløp til lærlingar og lærekandidatar krev det god samhandling med arbeids- og næringsliv. Å tilpasse opplæringa handlar om å leggje til rette for ulike læringsarenaer og læringsaktiviteter slik at alle får best mogleg utbytte av opplæringa. Nokre elevar har behov for meir tilrettelegging enn andre. Fylkeskommunen må difor samarbeide med bedrifter som har kompetanse på å tilpasse for elevar og lærlingar med ulike føresetnader for å meistre. Det inneber mellom anna å kunne samarbeide med opplæringskontor, vekstbedrifter, arbeidsmarknadsbedrifter og ordinære bedrifter som kan gje ekstra oppfølging. Den einskilde rektor/leiar av rettleiingstenestene er ansvarleg for at tilbodet som vert kjøpt eksternt, er i samsvar med krava i opplæringslova og forankra i læreplanverket for vidaregåande opplæring. Avtalar om kjøp av opplæringsstenester skjer lokalt ved den einskilde rettleiingsteneste eller vidaregåande skule med bakgrunn i ungdommane sitt behov og moglegheiter, jf. PS 9/2021.

Det skal leggast til rette for at det vert utvikla ein positiv og støttande relasjon til kvar einskild elev. I tillegg må skulane etablera ein god læringskultur og læringsfellesskap med tydelege strukturar, reglar og rutinar, der lærarane motiverer elevane og møter dei med realistiske og tydelege forventningar. Å ha ei forventning til elevane om innsats og meistring, vil verke inn på elevane si læring og tru på egne evner og moglegheiter. Det er avgjerande at skulen møter elevane med ambisiøse, men realistiske forventningar, og at lærarar utviser eit profesjonelt skjøn når dei vurderer elevane si læring.

4. Vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling

Vurdering av eleven og lærlingen sin faglege kompetanse skal seie noko om fagleg kompetanse, men er og sentral i høve til å fremje læring og utvikling. Kartlegging og observasjon har liten verdi dersom det ikkje blir følgt opp med konstruktive tiltak. Tilpassa opplæring er tilrettelegging som skulen gjer for å sikre at alle elevar og lærlingar får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Skulen kan tilpasse opplæringa gjennom arbeidsformer og pedagogiske metodar, bruk av læremidlar, organisering, og i arbeidet med læringsmiljøet, læreplanar og vurdering. Lærarane må nytta eit godt fagleg skjøn i arbeidet med å tilpasse opplæringa.

God vurdering, med tydelege forventningar der eleven, lærlingen og lærekandidaten deltek og blir høyrte undervegs i læringsarbeidet, er ein nøkkel til å tilpasse undervisninga. Læraren og instruktøren skal i si undervisning - rettleiing støtte og rettleie elevane og lærlingane til å kunne setje seg mål, velje eigna framgangsmåtar og vurdere si eiga utvikling.

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet, har rett til spesialundervisning. Kvaliteten på den ordinære opplæringa er relevant for om ein elev har rett til spesialundervisning. Mellom anna vil auka lærartettleik, kompetanse, mindre elevgrupper og meir praktiske metodar ha betydning for kor mange elever som har behov for spesialundervisning. Det systemretta arbeidet på skulen er difor viktig. Skulane må gjere ei skjønsmessig vurdering om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa dersom det blir gjort tilpassingar innanfor den ordinære opplæringa.

Det kan og vere avgjerande for eleven og lærlingen si læring og utvikling at det blir vurdert og sett inn tiltak så raskt som mogleg dersom utfordringar blir oppdaga. Tidleg innsats handlar mellom anna at det bli sett inn tiltak straks utfordringar blir avdekket. Tiltaka kan vere tilrettelegging innanfor det ordinære tilbodet eller at det blir sett inn særlege tiltak. Når det oppstår nye behov undervegs i utdanningsløpet, skal elevar og lærlingar få rask hjelp og tilrettelegging for å unngå at utfordringar blir større. Regjeringa har som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring i 2030. For å nå dette målet, meiner departementet at tidleg innsats må få større plass og merksemd også i den vidaregåande opplæringa.

Fylkesdirektøren meiner at prinsippet om vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling vil styrka skulane sitt arbeid med tilpassa opplæring for fleire elevar og lærlingar i ordinært opplæringstilbod.

Nyare forskning har gitt kunnskap om korleis det er føremålstenleg å nytte fleirfagleg kompetanse i skulen, til det beste for elevane. Med tette og koordinerte samhandlingsarenaer vil personell med ulik fagbakgrunn kunne samarbeide strukturert (utdanningsdirektoratet).

5. Byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring - laget rundt elev og lærling

Forskning syner at eit praksisfelleskap tyder mykje for læring. Eit praksisfelleskap vil påverke korleis tilsette skaffar seg informasjon, systematiserer og analyserer informasjonen, korleis informasjonen blir formidla til andre og korleis erfaringar og idear blir diskutert. Det er i slike fellesskap at tilsette utviklar ein felles identitet og bidreg til at organisasjonen sine mål kan bli realisert (Jakobsen og Torsvik, 2021). Erfaringsbasert og forskingsbasert kunnskap er viktig for utvikling av praksis og samhandling.

Med kompetanseløftet blir det satsa på kompetanse som omfattar heile laget kring eleven og tilstrekkeleg kompetanse som er tett på elevane. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal byggje på lokale vurderingar av behov for kompetanse i samarbeid med universitet eller høgskule.

Ordninga skal sikre at det er tilstrekkeleg kompetanse tett på elevane og lærlingane for å kunne forebygge utanforskap, tidleg fange opp problemutfordringar og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle. Samtidig vil nokre av elevane ha store og komplekse behov, og det vil vera behov for spesialisert kompetanse frå Statped.

Kommunar, fylkeskommunar og private eigarar skal:

- sjå det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske tilbodet i samanheng.
- ha kompetanse på vanlege utfordringar, men også samansette og relativt komplekse utfordringar.
- ha samarbeidskompetanse for å kunne byggje lag rundt elevane og lærlingane.
- ha kompetanse til å sjå når det er naudsynt å hente inn spesialisert kompetanse og rettleiing.
- målgruppa for ordninga er tilsette i barnehage og skule, barnehage- og skuleeigarar og tilsette i PP- tenestene og andre tverrfaglege tenester i kommunar og fylkeskommunane som inngår i laget rundt barnet og eleven.

Rettleiingstenesta i Vestland er ei brukarnær teneste i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Primæroppgåva til tenesta er å leggje til rette for at flest mogleg ungdom og vaksne fullfører vidaregåande opplæring gjennom å følgje opp lærlingar, støtte ungdom utanfor opplæring, rettleie vaksne og yte pedagogisk psykologiske tenester. Oppdraget omfattar å bidra med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilte behov og bidra i arbeidet med mål og strategiar, jf. temaplanen Fornye og forbetre - auka gjennomføring.

Rettleiingstenesta samarbeider om fagleg utvikling, fleirfagleg samarbeid og utvikling av tenestene ved dei seks rettleiingseiningane i Vestland fylkeskommune. Tenesta samhandlar med skular, arbeidslivet, NAV og aktuelle kompetansemiljø for å ivareta heilskap og kvalitet i det individretta arbeidet og bidra til utvikling av det systemretta arbeidet.

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i sektoren. Målretta og systematisk satsing på kompetanseutvikling og kunnskapsdeling skal sikre at kvar einskild medarbeidar i vidaregåande opplæring har rett og framtidretta kompetanse.

Fylkesdirektøren meiner at prinsippet om å byggje kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring - laget rundt elev og lærling vil gje moglegheit til å styrka skulane sitt arbeid og auka kompetansen om tilpassa opplæring. Med rettleiingstenesta til stades på skulane vil dei kunne bidra i større grad med målretta og systemretta arbeid for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring.

Fylkesdirektøren meiner at desse prinsippa vil gi ei god retning for korleis opplæringa kan tilpassast gjennom heile det vidaregåande opplæringsløpet. Prinsippa vil gi alle elevar og lærlingar mogelegheit til læring og utvikling uavhengig av føresetnadar. Når elevane og lærlingane opplever at dei høyrer til i eit sosialt fellesskap med jamaldrande, samstundes som opplæringa er tilpassa evner og behov, vil dei lære og utvikle seg både fagleg og menneskeleg. Elevar og lærlingar har ulike føresetnadar og vidaregåande opplæring må vere i stand til å gi dei eit tilpassa tilbod som kvalifiserer dei for vidare studium eller arbeidsliv. Lett tilgjengelege og velfungerande tenester skal støtte og rettleie i kvardagen slik at fleire kvalifiserer seg og fullfører vidaregåande opplæring. Lærarane og instruktørane spelar ei avgjerande rolle for elevar og lærlingar sin framgang på alle nivå, og mykje avheng av rammene og relasjonen i læringsmiljøet for at klassar eller grupper skal fungere.

Vedtakskompetanse

Jf. reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune 2.1.2. Fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd, utarbeider og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer.

Økonomi:

Vil påverke økonomiske prioriteringar gjennom oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Tiltak som aukar fullføring i vidaregåande opplæring vil kunne betre folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren har i denne saka utarbeida overordna prinsipp for tilpassa opplæring basert på lov og regelverk i samhandling med sektor. Dei overordna prinsippa vil ligge til grunn for det vidare arbeidet med å tilpasse opplæringa.